

Administrativt samhandlingsutval
Nordmøre og Romsdal

Protokoll nr. 02/12

Møtedato 30.11.12

Medlemmer:

Varamedlemmer:

Tilstades: x

Helseføretaket:

	Åse Eidem		Grete Teigland
	Ketil Gaupset		Elisabeth Engvik
	Gry Nordal	X	Henrik Sollie
X	Elisabeth Egstad	X	Ingalill Råket
	Stein Pettersen	X	Birgit Jordet
X	Robert Giske		Eva Løkvik
			Astrid Johanne Brandshaug

Kommunane:

X	Orkidé	Olaug Haugen, Tingvoll kommune	Kirsten S. Skaget, Smøla kommune
X	Orkidé	Peter Ardon, Halså kommune	Gunhild Eidsli, Surnadal kommune
X	ROR	Hege Beate Stornes, Molde kommune	Gro Berild, Rauma kommune
X	ROR	Arild Kjersem, Fræna kommune	Jan Morten Dahle, Fræna kommune

Vertskommunane:

X	Kristiansund	Helge A. Carlsen	Kjetil Leirbekk
X	Molde	Henning Fosse	Tone Borge Løkhaug

Fastlegane:

X	Bjarne Storset, Tingvoll legesenter		
---	-------------------------------------	--	--

Fagforeiningane:

	Fagforbundet	Knut Ivar Egset, Molde sjukehus	X	Jan-Øivind Kringstad, Kristiansund sjukehus
X	UNIO/NSF/HF	Tor Rune Aarø, Molde sjukehus		Trine Bruseth Sevaldsen, Kristiansund sjukehus
X	Fagforbundet K	Sissel Bjørnhjell, Sunndal kommune		Astrid Egset, Vestnes kommune
X	UNIO/NSF K	Eli Åse Gravdehaug, Molde kommune		Britt Engvik-Hjelle, Kristiansund kommune

Praksiskonsulent:

--	--	--	--

Brukarrepresentant:

	Kari Samdal, Nordmøre og Romsdal		Edgar Bæverfjord, Nordmøre og Romsdal
--	----------------------------------	--	---------------------------------------

Sekretariat:

Helse Møre og Romsdal HF v/konsulent Gunn Elin Nygård

Møtet i Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal vart halde på Kristiansund sjukehus, Auditoriet, og starta kl. 10.00.

Olaug Haugen leia møtet og ønska alle velkomne til møtet.

Åse Eidem, Ketil Gaupset, Gry Nordal, Knut Ivar Egset og Kari Samdal har meldt forfall. Henrik Solli, Ingalill Råket, Birgit Jordet og Jan-Øivind Kringstad møtte som varamedlemmer. Varamedlem for Kari Samdal hadde ikkje anledning til å møte.

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal behandla følgjande saker i møtet:

**Sak 2012/08 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
GODKJENNING OG UNDERSKRIFT AV PROTOKOLL NR. 01/12
FRÅ MØTE 14.06.12**

Tillegg/korrigeringar til utsendt sakliste:

- Helge A. Carlsen: Oppseiing av avtalen med Barmannhaugen etterbehandlingssenter – sett opp til behandling under sak 2012/09
- Sak 2012/11 – Ved ein misforståelse vart Ann Sissel Misund Nedberg ikkje invitert til møtet.
- Under eventuelt: Oppfølgingssaker mellom kommunane og helseforetaket – KS sin rolle i sekretariatet.

Vedtak:

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal godkjente innkalling og korrigert sakliste.

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal godkjente og skrev under protokoll nr. 01/12 frå møte 14.06.12.

**Sak 2012/09 REVIDERING AV SAMARBEIDSAVTALAR OG
SAMHANDLINGSSTRUKTUR**

1. Oppseiing av avtalen mellom Møre og Romsdal HF og Kristiansund kommune om etterbehandlingsavdelinga.

Kristiansund kommune orienterte det administrative samhandlingsutvalget om etterbehandlingsavdelinga i Kristiansund, og endringar i rammevilkår som kan føre til nedlegging av avdelinga.

Vedtak:

I vedlegg 12, pkt. 4.2.2 til samarbeidsavtalen mellom kommunene og Helse Møre og Romsdal HF heter det under oppgaver: ”Administrativt samhandlingsutval skal fange opp innspill og utfordringer i kommunene og helseforetaket tilknyttet innføringen av Samhandlingsreformen og bringe dette vidare til Overordna samhandlingsutval.”

I pkt. 5 heiter det - Plikt til gjennomføring og forankring

- Orienterer hverandre om endringer i rutiner, organisering og lignende som kan ha betydning for / innvirkning på de områdene avtalen omfatter
- Gjennomføre konsekvensutredninger ved planlegging av tiltak som får konsekvenser for den annen part, blant annet omorganiseringer, nedlegging av sykehus og sykehusavdeling

Helseføretaket har av hovudsakleg økonomiske grunnar no sagt opp avtalen om etterbehandlingsavdelinga i Kristiansund. Dette skjer utan at prosedyrekrava er fulgt, jfr. samarbeidsavtalen, pkt. 5, i ein juridisk bindande avtale som er inngått mellom alle kommunane i fylket og Helse Møre og Romsdal HF.

Dette har ei svært viktig prinsipiell side knytta til samhandlingsavtalen sin forpliktelse. Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal sender saka over til prinsipiell behandling hos Overordna samhandlingsutval.

2. Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal vil gi sine første signal til arbeidet med samhandlingsstrukturane slik:

Vedtak:

- Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal støttar at arbeidet med revidering av avtalane utsettes
- Arbeidet med iverksetjing av avtalane intensiverast
- En bør vurdere å prioritere mellom iverksetting av de ulike vedleggene
- Eksisterande samhandlingsstruktur oppretthaldes og blir revurdert i takt med avtalen

Sak 2012/10

OPPFØLGING AV FELLESE KOMPETANSE- OG REKRUTTERINGSPLAN

Innstilling:

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal følgjer opp saken jfr mandat frå Overordna samhandlingsutval.

Vedtak:

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal vil peike på følgjande:

- Vi vil ha likebehandling mellom psykisk helse og somatikk på temaet kompetanse og rekruttering
- Ser behov for å finne samordning av kommunanes prioritering og iverksetting av tiltak for kompetanseheving og rekruttering
- Saka blir tatt opp igjen til behandling på neste møte med eksterne innleiar som har erfaring frå samhandling om kompetanseoverføring mellom kommunane og spesialisthelsetjenesten.

Sak 2012/11 ERFARINGAR MED SAMHANDLINGSREFORMA I NORDMØRE OG ROMSDAL ETTER EITT ÅR.

Vedtak:

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal drøfta erfaringane med samhandlingsreforma etter eitt år og oppsummerte dette så langt med slike punkt:

- Godt fornøgd med den praktiske sida med inn- og utskriving av pasientar, samt oppgjersordninga for ferdigbehandla pasientar
- Det er mykje ”synsing”
- Må ha eit avvikssystem som både kommune og helseforetak kan bruke
- Må følgje med på pasientflyten for å dokumentere betre – elektronisk utveksling av informasjon
- Må ha tettare dialog mellom sjukehus og kommunane i samband med utskriving av pasientar
- Pasientane som kjem frå sjukehus til kommunane er dårlegare – fører til fleire reinnleggelsar, men positivt då at sjukehusa er snar til å legge pasientane inn igjen
- Representant frå sjukehuset føler at dei har godt samarbeid med kommunane – vanskeleg å vurdere pasientens behov godt nok
- Meldesystemet blir opplevd som eit tungvindt system sett frå sjukehuset sin side
- Ser eit gap mellom ressursar knytta til pasienten frå sjukehus til kommune
- Positivt at det er namngitte personer som skal kontaktast, både i kommune og sjukehus
- Kommunane og helseforetaket er ikkje gode nok på å iverksetje pasientforløp
- Krava som blir sett til kommunane er høge - bør ha meir interkommunalt samarbeid
- Sjukehusa skriver ut pasientar som ikkje er utskrivingsklare og ikkje er ferdigbehandla – dei fleste kommunane har ikkje intermediæravdelingar
- Får ikkje nok skriftleg informasjon frå sjukehusa
- Nokre kommunar slit økonomisk
- Små kommunar slit meir med intern logistikk enn større kommunar
- Bekymring for kommunal medfinansiering for enkelt kommunar

Sak 2012/12 RUTINER FOR OPPMELDING AV SAKER TIL UTVALET

Vedtak:

1. Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal sender informasjon til alle kommunane om at utvalet er i funksjon, med informasjon om mandat, møteplan og kontaktinformasjon.
2. Prosedyren som melding av saker er :
 - Aktuelle saker med saksframlegg skal sendast av den som melder saka til leiar 10 dagar før møtet.
 - Saksframlegga til møta blir sendt ut ca ei veke før møta.

Sak 2012/13 MØTEPLAN 2013Innstilling:

1. Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal vedtek følgende møteplan for 2013:
 - Onsdag 20.02.13
 - Onsdag 22.05.13
 - Onsdag 28.08.13
 - Onsdag 06.11.13
2. Sekretær i Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal får fullmakt til å sette opp møtestad.

Vedtak:

1. Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal vedtek følgende møteplan for 2013:
 - Onsdag 14.02.13
 - Onsdag 22.05.13
 - Onsdag 28.08.13
 - Onsdag 06.11.13
2. Sekretær i Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal får fullmakt til å sette opp møtestad. Møta skal veksle mellom Molde og Kristiansund, kl. 10.00 - 14.00.

Sak 2012/14 EVENTUELT

Oppfølgingsaker mellom kommunane og helseforetaket – KS sin rolle i sekretariatet
 Robert Giske viste til at Administrativt samhandlingsutval har liten sekretariatskapasitet. Administrativt samhandlingsutval inviterer KS til å tiltre som ein del av sekretariatet.

Sak 2012/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL NR. 02/12 FRÅ MØTE 30.11.12Innstilling:

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal godkjenner protokoll nr. 02/12 frå møte 30.11.12.

Vedtak:

Protokollen blir sendt ut til medlemmene til gjennomlesing og godkjenning.

Møtet slutt kl. 13.30.

Henrik Solli

Ingalill Råket

Birgit Jordet

Elisabeth Egstad

Stein Pettersen

Robert Giske

Olaug Haugen

Peter Ardon

Hege Beate Stornes

Arild Kjersem

Helge A. Carlsen

Henning Fosse

Bjarne Storset

Jan-Øivind Kringstad

Tor Rune Aarø

Sissel Bjørnhjell

Eli Åse Gravdehaug